



Statens vegvesen

FanAgro AS (1)
Brugata 6
5200 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/64843-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.04.2019

Førebels svar – Søknad om endra eller utvida bruk av avkøyrslse – Fv. 57 – Gnr. 143 bnr. 1 – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til søknad mottatt 27.03.2019.

Det er søkt om utvida eller endra bruk av avkøyrslse, vår referanse *fv. 57 hp 1 km 4,520* i Lindås kommune.

Kva saka gjeld:

Det er planar om bakkeplanering på gnr. 143 bnr. 1 for å ta i mot overskotsmasser frå andre stader i kommunen. Du har opplyst at driftstida skal vare i tre år.

Du søkjer difor om endra bruk av eksisterande skogbruksavkøyrslse.

Vidare saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Vår vurdering:

Fv. 57 er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. Dette er ei vegstrekning der vi har ei streng haldning til etablering eller endra bruk av avkøyrslser. Det vert normalt ikkje gjeve løyve til nye avkøyrslser utan det ligg føre ein reguleringsplan, og godkjenning til utvida bruk skal vere avgrensa. Bakgrunnen for dette er at det mellom anna eit mål å oppretthalde transportfunksjonen på denne strekninga. Vi vil og vise til at det er høg fart på denne strekninga, og ein må krysse etablert gang- og sykkelveg for å kome ut på hovudvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi vil allereie no gjere merksam på at vi er kritisk til å gje løyve til utvida bruk i denne avkøyrsla. Tiltaket legg til rette for vesentleg endra bruk enn det avkøyrsla er godkjent for. Ved eit eventuelt løyve vil det difor krevje tiltak med utbetring for å sikre avkøyrslpunktet, både i forhold til veg, gåande og syklande, samt kollektivreisande.

Før vi kan ta endeleg stilling til søknaden må den vere betre opplyst. Den tilsendte løysinga som syner utforming av avkøyrsla tilfredsstillar ikkje våre krav til dokumentasjon. Det er også til dømes svært relevant for oss å få opplyst kor mykje masser det er tale om, for å få eit estimat over driftsomfanget.

Sluttord:

Søknaden er mangelfull og vi kan ikkje ta stilling til den slik den ligg føre. Vi vil vere kritisk til endra bruk slik det no er søkt om.

Du må ta kontakt med Lindås kommune som vil rettleie deg i vidare saksgang. Dersom kommunen vurderer at det er aktuelt å etablere eit deponi her, ber vi om å verte kontakta igjen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ